

## DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN

### Rapport for 2017

Vaksdal kommune fekk løyvd kr. 62.000,- til kulturtiltak for eldre hausten 2016. Midlane vart brukt i 2017.

#### NAMN PÅ TILTAK:

«Kultur i kvardagen»

#### SKILDRING:

Arrangør har samarbeidd med institusjonane, Dale Omsorgssenter, Vaksdal Sjukeheim og Vaksdal Eldreråd.

Føremålet har vore å gje eit godt inkluderande og variert kulturtilbod til alle. Tilboda har variert i omfang og forskjellige kulturuttrykk. Dansekveldar, konserter og føredrag. Vi har nytta lokale kunstnarar og kunstnarar i regi av fylkeskommunen.

#### MÅLGRUPPE:

Bebuarar på institusjonar, brukarar av eldresenter, pensjonistlag og andre.

#### ARENA:

Dale Omsorgssenter, Vaksdal Sjukeheim og Samfunnsalen på Stanghelle.

#### TILBOD/MIDLAR BRUKT I 2017

**Leif Blix og Lars Nygaard** Daletunet Omsorgssenter og Vaksdal Sjukeheim har hatt besøk av «**den gode melodi**». Tema har vore «Hytteturen», «Evert Taube – i ord og toner», musikalske innslag som er basert på gjenkjennelse og erindring – veldig populært!

**Dale Seniordans** er ein gjeng glade pensjonister frå Vaksdal og Voss kommune som elsker å danse. Det er alltid god stemning når desse gla'dansarane vitjar institusjonane i Vaksdal kommune. Dei besøkte institusjonane i april og november månad.

**Eldredagen** vert markert kvart år i Vaksdal kommune. Ein stor «happening som samler mange pensjonister og bebruarar ved våre to unstitusjonar i kommunen. Dagen vert markert 1. oktober kvart år. Då samlast alle til ein stor fest med god mat og drikke, foredrag og underhaldning av ymse slag.

**Duoen Ragnar Takvam (violin) og Frode Vik (piano)** underholdt med klassiske perler på begge institusjonane i august månad.

**Leif Inge Tormodsæter** turnear land og strand rundt. I september månad vitja han vore institusjonar med song og spel av gode gamle og kjære melodiar.

**Blandakoret Kordial** held avdelingskonserter med «Nyttårskonsert» i januar månad på begge institusjonane. Her var det firstemming song og allsong slik at alle fekke vera med.

**Torstein Langhelle** lokal trubadur og trekspelar held konsert med allsang på begge institusjonane i juni og november månad.

**Hege Eide Vik** lokal profesjonell musikar innan song. Vitja vore institusjonar i mars og september månad. Ho presenterte «Vårsøg» og «Tonar i haustmørket». Det var også lagt opp til allsong der alle fekk lov å vera med.

**Duo-Historika** med Agnar Sellevold på trekjspel og Jan Erik Kolås, tekstlesing, underholdt med musikk og lokalhistorie frå eigen kommune i januar og desember månad.

**Bente Boge** lokal fotoentusiast viste bilete og fortalte om alle turane sine i lokalmiljøet. Dette vart presentert på institusjonane i oktober månad.

**Torsdagklubben** vitja institusjonane i oktober månad med «sprelsk» hornmusikk.

**Frode Moltemyr** inviterte til julekonsert på begge institusjonane i desember månad. Her fekk ein høyra men og så delta med song på alle dei kjente og kjære julesongane.

**Kilden** lokalt songkor tufta på kristelege verdiar underholdt på våren og på hausten.

Mvh  
Vaksdal kommune  
Eining for samfunnsutvikling  
v/Ole Johnny Domben